

Giggen frå «Ingermanland»



Kaptein Treskin sin representasjonsbåt

«Ingermanland» – russisk linjeskip, ferdigstilt 1842.

Grunnstøytt ved Oksøy fyr 11. september 1842
– sank vest av Hårr. 389 omkomne – 503 redda.

«Ingermanland»s kapteinsbåt – lang, smekker og lettrodd
gigg. Kom inn til Årsland med ti russarar om bord.

Minnestein ved Varhaug gamle kyrkjegard.

Her er ni russarar gravlagde, tre frå giggen og seks andre.

Russland – Norge

«Havet batt oss saman»

Gjennom hundrevis av år har norske og russiske sjøfarande, i krig som i fred, hatt havet som verkeplass. Når ulukker ramma, fann dei saman og hjelpte kvarandre.

(Russlands ambassadør til Norge, Alexander N. Panov, 2005)

Nordmenn har heilt sidan vikingtida segla til dei russiske nordområda og mot aust i Austersjøen. Seinare passerte russiske skip norskekysten på si ferd mot Europa, eller mellom St. Petersburg og Arkhangelsk, og norske skip segla til Arkhangelsk etter korn og trelast. Dette var i ei tid då land skilde, og havet batt saman. Sjøvegen blei mest brukt, sjølv om han i avstand var mykje lengre enn landevegen.

I 1696 grunnla tsar Peter den store den russiske marinen og etablerte skipsverft og marinebase i Arkhangelsk. Stavangerguten som tok namnet Cornelius Cruys og blei admiral i Peter den store sin marine, segla fleire gonger tidleg på 1700-talet langs kysten vår på reisene sine mellom Nederland og Arkhangelsk.

Det var farleg og krevjande å vera sjømann i tidlegare tider. Med lite navigasjons- og kommunikasjonsutstyr var ein i stor grad overgitt til naturkreftene. Det var vanskeleg å fastslå posisjonen, og feilnavigering var ofte årsak til at skip forliste.

Det opne havstykket rundt Jæren har alltid vore frykta av sjøfolk. På strekninga frå Sirevåg til Tananger var det ingen stader å søka naudhamn. Jærbuane kunne til tider oppleve fleire forlis om dagen.

Det finst mange forteljingar om tragiske forlis og om skip som kom i vanskar i storm og uvêr langs norskekysten. Fleire av dei handlar om forlis med marinefartøy. Det russiske marinearkivet i St. Petersburg har talrike historier om hendingar langs kysten av Norge.

Maleri:

Ivan Storm Juliussen

The loss of «Ingermanland», olje på lerret, 2013

Måleriet er ei gåve frå Sparebanken Vest.

Linjeskipet «Ingermanland»

– i Peter den store si ånd

«Ingermanland» var eit nybygd russisk tremastra marinefartøy på reise frå verftet i Arkhangelsk til den russiske marinebasen ved Kronstadt utanfor St. Petersburg i 1842. Her skulle skipet inngå i den russiske Austersjøflåten.

«Ingermanland» blir omtala som linjeskip. Uttrykket kjem frå det engelske «Ship of the Line» som blei brukt om dei største seglande krigsskipa på denne tida. I moderne terminologi ville me ha kalla dei slagskip. Under sjøslag var taktikken ofte at dei kom seglande på linje i lang rekke med vinden akter, for så å dreia bi og fyra av ei breiside når dei kom på skothald av fienden.

Bygginga av skipet begynte i september 1840. Utpå våren 1842 var skroget ferdig og klart for sjøsetting straks isen gjekk. Stabelavlaupet skjedde under fanfarar og hyllingsmusikk til tsaren, og med ein stor del av folket i Arkhangelsk som jublande tilskodarar.

Skipet fekk namnet «Ingermanland», oppkalla etter Peter den store sitt yndlingskip, bygd i 1715 – og som også var namnet på landdistriktet som omgav byen St. Petersburg. Tsar Nikolaj I ønskte med dette å styrka ånda frå Peter si tid i marinen. Utrustninga kunne nå fullførast. Tre svære master blei reiste og 74 kanonar tekne om bord, saman med eit omfattande skipsutstyr. Turen frå Arkhangelsk til Kronstadt utanfor St. Petersburg, via den lange norskekysten, var rekna å ta tre veker.

Grunnstøyting og forlis

«Ingermanland» seglar undergangen i møte

I september 1842 hende ei av dei mest tragiske skipsulukkene utanfor kysten av Sør- og Vest-Norge nokon gong. Det russiske linjeskipet «Ingermanland» var under segling frå Arkhangelsk til Kronstadt. Skipet var på sin første tur. Om bord var det 892 personar. 853 var besetningsmedlemmar og marineinfanteri, 39 var passasjerar, blant dei kvinner og barn.

Avreisedato var 6. august 1842. På høgde med Nordkapp blei dei møtte av tåke og motvind som auka på til storm. Stormvêret vara ein heil månad.

10. september blei posisjonen berekna til å vera ca. 3 mil nordvest for Hirtshals. Det bles nå storm frå aust-nord aust, og sjøen blei så stor at gallionen i baugen blei slått inn. Straum og avdrift var vanskelege å dømma om, men bestikket som blei gjort opp kl. 20.00 om kvelden tilsa at skipet då var 6 mil frå næraste norske land.

Det som då hende kan skuldast feil posisjon, dårleg sikt og truleg feiltolking av lyset frå ei fyrlykt, og ikkje minst det overhendige stormvêret. Då det var blitt mørkt, fekk skipssjefen rapport om eit lys i le. Det blei trudd å vera ei lanterne på eit hollandsk handelsfartøy som ein hadde møtt tidlegare på kvelden, og som ein nå tilsynelatande styrde på kollisjonskurs med. Roret blei lagt over og skipet gjekk baut. Kort etterpå hogg det tre gonger i grunnen.

I ettertid er ein komen fram til at det var lyset frå Oksøy fyr ein hadde sett og at skipet var nær innseglinga til Kristiansand. Ved å gå over stag til styrbord har ein så støtt på eit av skjera aust for Oksøy. Det er blitt hevda at fyret ikkje var teikna inn på russarane sitt kart, sjølv om det hadde vore i drift i 10 år.

Redningsaksjonen

«... men hurra raabte dog ingen mere ...»

Etter å ha passert Listerlandet og Lindesnes og kome inn i Skagerak, støtte «Ingermanland» ved ti-tida sundagskvelden 11. september på eit undervasskjær utanfor Randesundlandet. I den veldige stormen blei skipet, som ved grunnstøytinga hadde fått store skader, slått av skjeret og dreiv utan styring ut i Nordsjøen. Frå norsk side blei det sett i gang ein storstilt redningsaksjon. I løpet av dei komande dagane blei i alt 503 redda i land frå det havarerte skipet. 389 mista livet.

«Ingermanland» hadde fått ein kraftig lekkasje og dreiv vestover. Det blei skote naudskot, fyrt av bluss og ringt med skipsklokka. Skipet sokk til det øvre dekket var i vassflata, men ein greidde å hindra vidare søkking ved å dumpa kanonane over bord. Bølgjene som skylte over øvre dekk begynte nå å krevja liv.

Kaptein Treskin blei skylt over bord tre gonger. Fjerde gongen sjøen tok han, halte nokre matrosar han om bord i ein av dei skadde lettbåtane. Om kvelden dreiv båten inn til Lista-landet. Etterkvart blei det tragiske forliset kjent på land.

13. september klokka 8 om morgonen kom tre losbåtar seglande ut til vraket. Dei fekk plukka opp mange før veret tvang dei til å returnera til land. Sluppen «Lena» av Mandal var den første organiserte hjelpa som kom fram. Båten fekk om bord 183 skipbrotne russarar. Sluppen «Hjorten» av Mandal sette sluttstrek ved 120 personar. Til slutt gjekk hjuldampskipet «Nordcap» ut frå Kristiansand og redda dei siste 150 personane frå vraket. Dei fleste overlevande blei tekne i land til Mandal og Kristiansand.

På det forliste skipet hadde dei gjenlevande nesten gitt opp håpet om å bli redda då vinden løya og dei endeleg såg ein slupp nærma seg. Overlevande sekondløytnant Govorov fortel: «Der hevede seg et raab iblant os, men hurra raabte dog ingen mere – enhver bad med høi stemme til Gud, og med et slags haab om frelse. 'Herren være takket, vi blir reddede!' sa vi trøstende til hinanden.»



Planlagt rute:

1: Avreise Arkhangelsk 6. august 1842.

2: Ca. 13. august. Ved Helgelandskysten.

3: Grunnstøyting 11. september ved Randesundlandet.

4: Redningsaksjon 13. september ved Mandal.

5: Giggen kjem i land ved Årsland. 503 redda, 389 mista livet.

6: Planlagt ankomst Kronstadt ved St. Petersburg.



Ivan Ajvazovskij (1817-1900). ***Skipet Ingermanlands forlis i Skagerak natten til 31. august året 1842.*** 1876, 95x125 cm, olje på lerret. Tilhører Det sentrale marinemuseet, St. Petersburg



K.V.Krugovikhin (1815-1857). ***Marinemaleri. Skipet Ingermanlands forlis ved Skagerakstredet langs norskekysten den 30. august 1842.*** Ca 1843. Tilhører Russisk Museum, St. Petersburg.

Ingermanland - tidslinje

Våren 1842: Skipet vart sjøsett.

6. august: Avreisedato for turen frå Arkhangelsk til Kronstadt.

6.-10. august: Problemfri seilas fram til Nordkapp. Skodde og motvind som auka til storm. Ein heil månad med stormvêr.

Ca. 31. august: Tre veker seinare var skipet ikkje kome lenger enn til Helgelandskysten.

Ca. 8. september: Om kvelden meinte ein å vera tvers av Lindesnes, og styrte austover for å byrja på Skagerrak.

10. september: Siste nokolunde sikre posisjon, tre mil nordvest for Hirtshals.

11. september kl. 20: Bestikket bar bod om at skipet var seks mil frå næraste norske land.

11. september ca. kl. 22: "Ingermanland" støyte på eit undervasskjær ved Randesundlandet og blei i den veldige stormen driven utan styring ut i Nordsjøen.

11. september om natta: Det blei tent naudbluss og skote naudskott frå havaristen heile natta.

13. september kl. 8: Tre losbåtar kom seglande ut til vraket og fekk plukka opp folk frå lettbåtar og frå sjøen før vêret tvinga dei til å returnera til land.

13. september ved daggry: Sluppen "Lena" av Mandal fekk om bord 183 skipbrotne før dei måtte gje seg kl. 14.

13. september om ettermiddagen: Sluppen "Hjorten" av Mandal kom fram kort etter at "Lena" var segla. Dei måtte setja sluttstrek ved 120 redda.


13. september kl. 17: Hjuldampskipet "Nordcap" gjekk ut frå Kristiansand, nådde vraket og redda dei siste 150.

13. september: "Ingermanland" sin gigg nådde Jæren ved Årlandsstøane, der losar gjekk ut og fekk giggen i land til garden Årslund.


16. september om kvelden: Vraket av "Ingermanland" låg fast utanfor Hårr på Jæren. Morgonen etter var det vekke, mest sannsynleg sokke i havet.

17. september: Mesanmasta hadde losna og vart funnen ilanddriven ved Hå prestegard.

I 1842 brukte Russland den julianske kalenderen og Norge den gregorianske. Etter russisk kalender skjedde grunnstøytinga 30. august 1842.



Litografi etter tegning av A.I. Govorov. «Redningsfartøy nærmer seg vraket».



Litografi etter tegning av A.I. Govorov. «Under stormen den 31te August, i det øyeblikk det støder».



Giggen til Ingermanland, Havnebassenget i Stavanger, 1893. Foto: Stavanger byarkiv.

«Giggen frå Ingermanland»

Kapteinen sin representasjonsbåt

Tysdag 13. september nådde kapteinen sin representasjonsbåt jærkysten. Losane gjekk ut og fekk giggen i land til garden Årsland. Om bord var det framleis ti levande. Tre av dei døde på Årsland før lege nådde fram. Etter forliset blei giggen selt på auksjon. Konsul Jacob Sømme frå Stavanger kjøpte den 9,5 meter lange, smekre båten og tok han med til byen. I 1868 tok roarar frå Stavanger 1. premie i sin klasse i den store roregattaen i Stavanger med giggen frå «Ingermanland».

I 1873 kom giggen i Stavanger kommune sitt eige. Kommunen plikta å ta vel vare på klenodiet og bruka det til representasjon. Som då ein kopi av Gokstadskipet segla frå Norge over Atlanterhavet til verdsutstillinga i Chicago i 1893. Før overfarten besøkte vikingskipet Stavanger og blei då fotografert saman med «Ingermanland»-giggen. Alexander L. Kielland skal ha brukt giggen då han som borgarmeister tok imot Otto Sverdrup som kom frå Nordpolferd med «Fram» i 1902. I 2005 overtok Hå kommune giggen frå Stavanger kommune etter innspel frå Jæren Kystlag. Giggen har nå fått si endelege plassering i eit eige bygg ved Kvasseheim fyr.

Vraket av «Ingermanland» blei om kvelden fredag 16. september observert utanfor Hårr. Om natta må vraket truleg ha sokke så mykje at mesanmasta flaut laus. Ho blei dagen etter funnen ilanddriven ved Hå prestegard, og seld på auksjon. Ifølgje munnleg tradisjon skal det ennå finnast restar av «Ingermanland" på havbotnen, litt sørvest for Hårr.

Varhaug gamle kyrkjegard

«Eit minne får dei kvar og ein»

Før dei overlevande frå giggen reiste frå Årsland, var dei med på å bera sine døde landsmenn til grava på Varhaug gamle kyrkjegard. Ifølgje presten si innføring i kyrkjeboka var det i alt ni personar frå «Ingermanland» som blei gravlagde den dagen. Presten ville ikkje møta fram for å forretta gravferdsritualet og kasta jord over grava, truleg fordi dei døde ikkje høyrde til den protestantiske kyrkja. Ein av dei russiske overlevande sa nokre ord ved grava.

I 1966 fekk Varhaug sokneråd sett opp ein minnestein over dei ni døde frå «Ingermanland» på kyrkjegarden på Varhaug. Gravsteinen har denne teksten:
*Om ingen veit kvar grava er
eit minne får dei kvar og ein
ved denne minnestein.*

Eigar av giggen: Hå kommune, gåve frå Stavanger kommune 2005.

Bygget til giggen er reist med støtte frå Norsk Tipping, Redningsselskapet, Jæren

Kystlag og Hå kommune. Eigar av bygget: Hå kommune. Arkitekt: Helge Schjelderup.

Utstillingsproduksjon: Hå gamle prestegard. Tekst: Lisa Reime Helgeland